



## Notat

Dato: 18.12.2018  
Arkivsak: 2014/1636-55  
Saksbehandlar: hanespe

---

**Til:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling  
Utval for opplæring og helse  
Utval for miljø og samferdsel  
Fylkesutvalet

---

**Fra:** Fylkesrådmannen

---

### Rapport frå NTNU - Sykkel-VM 2017. Fra folkefest til økonomisk bakrus

I 2014 blei Bergen tildelt Sykkel-VM for 2017. Sykkel-VM reknast for å vere eit av verdas største idrettsarrangement, og er truleg det største sommeridrettsarrangementet som Norge kan vere vertskap for.

For forskningsmiljøet på NTNU var dette ein unik moglegheit for å få innsikt i dei ulike verknadane som eit stort internasjonalt meisterskap har for aktørane som direkte eller indirekte er involvert i arrangementet. Forskinga set fokus på tre tema ved arrangementet:

- lokalbefolkinga sine haldningar,
- arrangørrekneskapet og
- faktorer som påverka omfanget og fordelinga av kostnader som andre aktører enn arrangøren måtte dekke.

Rapporten presenterer resultata frå prosjektet. Data er basert på tre spørjeundersøkingar blant folk i Bergen og omegnkomunane, samt personlege intervju med 50 personar som på ulikt vis har vore sentrale i arrangementet. Desse representerer arrangørorganisasjonen Bergen 2017 AS, Norges Cycleforbund, kommunen og fylkeskommunen, Politiet, Helse Bergen, Statens vegvesen og private aktørar som har stått for ulike leveransar til arrangøren.

Rapporten ligg ved.